



Eventyr fra Bymarka.

Kåre Jystad

HELING TIL TROLLHEIMSFARARANE

Av Inge Krokann

Først no kan eg seie takk for det vennlege brevet sist i august, og for dei festlege årbøkene De sende med! Både det eine og det andre gledde meg mykje!

Så veit eg ikkje då, om De tykkjer De kan bruke dette rimet eg sender med, som er 40 år gammalt, og desse prosa-orda som introduksjon til diktet, og helsing til Trollheimsfararane. — *Ein* førimon er det med biletet: det har ikkje vori publisert før. Eg grov det fram or kaos no i haust.

Med vennleg helsing


Inge Krokann.

Det var den tid, før bilar og fly ruta opp og kryssa inn landet og all verda, og då ein m. a. brukte føtene til å gå med. Likevel så seint som for 40 år sidan berre. Siste juni-viku i 1913.

Eg kom frå Sunnmøre og skulle heim til Oppdal. Før med snøgrute-båt til Molde, gjekk på mine føter inn Fanastranda og over til Eidsøra, tok så «Driva» inn Sunndalsfjorden. Kor vèl eg hugsar den fredsame fredagskvelden på den vakre reinvaska båten, der eg var mest einaste passasjer på dekk!

Ved Oppdøl stod eg av, for eg skulle overnatte hjå min gode venn Nils Virum på Ålvundeidet. Den gode kost og kvile i den heimen om kvelden: du kjenner det som vèlvære i kroppen enno! Og kvådelukta frå dei gule kvistrosone i dei solbrune svære tømmervegg-stokkane i stuguveggene ut mot tunet der om morgonen — ja du kjenner det i nasen dagen idag!

Eg tok opp Innerdalen, den vedunderlege Innerdalen, i sol som



Gjevilvasskammene.

Bergljot Rognlien

steikte sterkare og sterkare, til ei tore-skur kom og svala på. Ikkje eit menneskje møtte eg den heile dag, men helsa på den eine sauflokken etter den andre. Og oppe på viddene følgde heiloa meg frå stein til stein, til det halla ned mot Storlidala.


Eg var heime att. Og kjende det ikkje minst på den gode maten eg fekk på den Storli-garden eg kvilde ein times tid: skrivabrød, gubb og mølske. Attåt rømmen og det brunsteikte flatbrødet. — Mannen rådde meg helst ifrå å setja over tangen åt Gjivilvassdala om kvelden, så seint som det var, — sola gjekk ned medan eg var i Storli'n der. Folk var nok komne på sætrene i Vassendam, sa han, for det hadde stått i «Nidaros» ein dag den viku, at det hadde fari ein fark av eit eller anna slaget og mest vettskremt sætergjentone, like etter dei var dit-flytta. Men det var drygt over tangen, sa han, når eg hadde gått så langt før om dagen.

Det vart òg midnatt, før eg var i Vassendam. At det var folk der, var greitt å sjå. Men du slapp at nokon hadde opp dørene for deg, kor du så banka på dei eller på vindaugo! Det hjelpte

ikkje at du song eingong, — endå det var både skikkelege songar og visstnok salmar òg kontrabassin din murra fram i midnattsleitet der. Å nei, sætergjentone hadde nok vorti vèl kurerert for alle farande fantar, skjøna du.

Og så var det ikkje anna å gjera, kjøleg som det var, enn å ta iveg frametter langs med Vatne. På nordsida. Den lange veg gjennom vegløgysa, rett på Rølvsjordsætra. Så du opplevde både nattstilla og morgonvakninga i solrenninga før du var framme.

Og før du reiste derifrå på eftas-sida, etter god kvile og så triveleg prat som det berre kunne bli med henne Gjertrud, hadde det meste av dette dikt-rimet på Oppdals-mål, «Gjivilvassda'ln», vorti til.



En av de bedre.

Wilh. J. Magnussen